



Demokrati startar på fritidsklubben

I 2023 skreiv Kunnskapsdepartementet om ein betydeleg nedgang i demokratiforståing mellom 14-åringar. Me ser at auka internettbruk mellom barn og unge påverkjer denne utviklinga i negativ retning. Feilinformasjon og bruk av kunstig intelligens skapar eit falskt inntrykk av verda og bidreg til å svekkje barn og unge si demokratiske forståing.

Me lev i ei tid med auka antidemokratiske strøymingar i USA og Europa, og difor er det viktigare enn nokon gang å sørgje for gode inkluderande møteplassar og opplæringsarenaar for demokrati her i Noreg. I ei slik tid må me styrke dei demokratiske verdiane frå grasrota. Fritidsklubbar spelar ei viktig rolle i å gje barn og unge sitt fyrste møte med demokrati i praksis.

Gjennom klubbstyre, medverknadsmodellar og organisasjonar som Ungdom og Fritid blir unge satt i sentrum for avgjerder om korleis klubben skal sjå ut. Denne organiseringa sikrar at dei er med på å påverke kva aktivitetar som blir tilbydd, og korleis desse skal gjennomførast. På denne måten lærar unge å ta del i demokratiske prosessar og å engasjere seg i lokalsamfunnet. Dette gagnar ikkje berre fritidsklubbane, men styrkar også barn og unge si demokratiske forståing og generelle samfunnsdeltaking.

For å styrke posisjonen til fritidsklubbane, er det behov for meir stønad. Staten og kommunane må anerkjenne fritidsklubbar som viktige demokratibyggjande arenaar. For å få til dette treng fritidsklubbane meir ressursar, betre rammevilkår og tilskotsordningar, slik at alle barn og unge får moglegheita til å delta i demokratiet på klubben og elles i samfunnet.